



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon
Håvard Rød, 5557 2143

Vår dato
15.06.2018
Dykkar dato

Vår referanse
2018/7558 331.2
Dykkar referanse

Kommunane i Hordaland

Ordinært skjønstilskot for 2019

Fylkesmannen vil i september i år utarbeide ei fordeling av ordinært skjønstilskot mellom kommunane for 2019. Fordelinga vil bli offentleg i samband med framlegginga av statsbudsjettet for neste år.

Dersom kommunen ynskjer å senda opplysningar til Fylkesmannen i denne samanhengen, må vi be om å få slike innan måndag 06. august i år. Vi ber om at ei eventuell tilbakemelding til Fylkesmannen er kortfatta.

Hovudføremålet med skjønsmidlane er å fanga opp lokale tilhøve som ikkje er tekne i vare godt nok i inntektssystemet eller gjennom andre faste tilskotsordningar.

I brev av 23. mai d.å. frå Fylkesmannen til kommunane om kommuneopplegget for 2019 er det blant anna gitt informasjon om skjønsmidlane for neste år.

Med helsing

Rune Fjeld
assisterande fylkesmann

Håvard Rød
seniorrådgivar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.